

Digital praksis på Vangen skule

1. Føremål

Retningslinjene skal sikre at bruk av digitale verkemiddel i skulen fremjar læring, trivsel og tryggleik. Retningslinjene gjev konkrete rammer for når og korleis skjerm vert nytta i skuletida, SFO og til lekser.

2. Prinsipp

1. **Pedagogisk grunngjeving fyrst.** Skjermbruk i undervisninga skal vere eit pedagogisk val; digitale verkemiddel vert brukte når læraraen vurderer det som føremålstenleg.
2. **Balansere.** Skjermbruk skal inngå i ein variert kvardag med fysisk aktivitet, måltid, lek, og sosialt samvær.
3. **Tryggleik og personvern.** Skulen nyttar berre godkjende digitale løysingar og sikrar vern mot skadeleg innhald og uautorisert deling.
4. **Alderstilpassa.** Tiltak og avgrensingar tilpassast elevane si alder og mognad.
5. **Samarbeid med føresette.** Skulen informerer og samarbeider med føresette om elevane si digitale kvardag.

3. Kort bakgrunn

Retningslinjene byggjer på innstillingar frå Skjermbrukutvalet og nasjonale råd om digital praksis, der ein vektlegg balansert bruk i kvardagen. Skulen legg òg vekt på anbefalingar om å bruke trykte læremiddel når det er pedagogisk føremålstenleg.

4. Konkrete reglar og anbefalingar

4.1 Generelle rammer

- Lærarane planlegg varierande arbeidsformer: digitale aktivitetar, papirarbeid, praktiske øvingar og fysisk aktivitet.
- Skulen har **skjermfrie måltid**; individuelle einingar skal ikkje nyttast under måltid. Det er unntak for lydbok på felles skjerm, og pedagogisk bruk i spisetida.
- Skulen nyttar innhaldsfilter og godkjende plattformer for å verne mot skadeleg innhald.
- Elevane har ikkje tilgang til sosiale medium på skulenettverket.

- **Standardutstyr:** På småtrinnet (1.–4. trinn) vert iPad nytta som primær eining for digitale læringsaktivitetar. På mellomtrinnet (5.–7. trinn) vert PC nytta som primær arbeids-eining.

4.2 Mobiltelefonar og private einingar

- Mobiltelefonar og smartklokker er forbode på skulen og SFO. Desse skal vere avslått og liggje i elevens sekk/ryggsekk gjennom heile tida eleven oppheld seg på skuleområdet. Mobil/smartklokke kan fyrst takast i bruk når eleven er ute av skuleområdet.
- Mobil/smartklokka er ikkje tillaten verken i friminutt eller i timane. Skulen har nulltoleranse for bruk av mobil i skoletida, med mindre det finst eit skriftleg unntak avtalt med kontaktlærer/rektor (til dømes av helsemessige grunnar). Ved brot på desse reglane vert mobilen/smartklokka inndrege og lagt på kontoret til rektor. Foreldra må hente mobilen/smartklokka.
- Skulen gjev unntak berre etter avtale i forkant (til dømes helsemessige behov).

4.3 Alderstilpassa anbefalingar

- **1.–2. trinn:** Fokus på leik, munnleg språk, handskrift og utforskande aktivitetar. Digitale verkemiddel vert hovudsakleg brukte som felles, lærarstyrt demonstrasjon. (Einingar: iPad)
- **3.–4. trinn:** Avgrensa, strukturert bruk med tydelege læringsmål. Elevane har korte, styrte oppgåver på skjerm, men hovuddelen av arbeidsøktene bør vere analoge. (Einingar: iPad)
- **5.–7. trinn:** Auka bruk av digitale verkemiddel til produksjon, problemløysing og samarbeid. Elevane kan arbeide meir sjølvstendig, men læraren avgjer om oppgåva eignar seg best digitalt eller analogt. (Einingar: PC)

4.4 Lekser og bruk heime

- Skulen gir klare forventningar til når digitale verkemiddel skal nyttast i lekser. Lærarar skal opplyse om ein heimeoppgåve skal gjennomførast digitalt eller på papir.
- For dei yngste trinna vert det tilrådd minimal bruk av skjerm til heimelæringsoppgåver.

4.5 SFO

- SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med ulikt funksjonsnivå. Når digitale ressursar blir brukt i SFO, må det skje på ein føremålstenleg og forsvarleg måte, og på ein måte som kan stimulere barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å ivareta tryggleiken og sikkerheita til barna på nett, og å sørge for at reglar for personvern blir følgde ved bruk av digitale ressursar.

5. Pedagogisk praksis — gode vanar

- **Tydeleg læringsmål:** Skjermbruk i undervisninga skal vere eit pedagogisk val; digitale verkemiddel vert brukte når læraren vurderer det som føremålstenleg.
- **Pausepraksis:** Legg inn pausar frå skjerm kvart 20–30. minutt ved lengre digitale arbeidsøktar (tilpass etter alder).
- **Veksling:** Veksle mellom individuelle digitale øktar, samarbeid og analoge aktivitetar.
- **Digital dømmekraft:** Elevane arbeider med kjeldekritikk, nettvett og personvern som del av læreplanen.

6. Sikkerheit, personvern og godkjenning

- Skuleeigar godkjenner kva for appar og plattformer som kan nyttast. Ingen ukjende tredjepartsløysingar vert teken i bruk utan vurdering.
- Lærarane sørgjer for at elevane ikkje deler personopplysningar utan samtykke.
- Elevane og føresette vert informerte om korleis skulen arbeider med nettfiler, personvern og tryggleik.
- Digitale einingar skal ha filter som gjer sikker tilgang til internett. Når elevar nyttar digitale einingar utan tilsyn, skal det berre vere mogeleg å besøke førehandsgodkjente nettsider.

7. Roller og ansvar

- **Rektor:** Ansvar for at retningslinjene er vedtekne, og kommuniserte til tilsette og føresette.
- **Lærarar:** Ansvar for å følgje retningslinjene i undervisningsplanlegging og informere føresette om digitale krav i fag og lekser.
- **Føresette:** Støtte barnet si digitale kvardag, setje heimereglar og samarbeide med skulen ved behov.

Revidert: februar 2026